

JORAMO BYGDEALMENNING

ÅRSMELDING FOR 2019

STYREVERV OG REPRESENTASJON

Styre:

| | |
|--------------------------------------|----------------------|
| <i>Tor Ivar Hovhaugholen - leiar</i> | <i>(2018 – 2022)</i> |
| <i>Birger Brækken – nestleiar</i> | <i>(2018 – 2022)</i> |
| <i>Pål-Lasse Torstad</i> | <i>(2018 – 2022)</i> |
| <i>Arne Hage</i> | <i>(2016 – 2020)</i> |
| <i>Øivind Groven</i> | <i>(2016 – 2020)</i> |
| <i>Irene Amundgård</i> | <i>(2016 – 2020)</i> |

Varamedlemer 2016 -2020:

- 1. Britt Elin Gråberg*
- 2. Tore Amundgård*
- 3. Morten Hovhaugholen*

Varamedlemer 2018 – 2022:

- 1. Konrad Eithun*
- 2. Håvard Syse*
- 3. Dag Siljehaug*

Valgkomitè:

Tor Egil Selsjord – leiar
Ola B. Killi
Arnulf Bentsdal

Varamedlem til valgkomitèen:

Ellen Marie Sørungård Syse

Revisor:

PricewaterhouseCoopers AS, Lillehammer

Styreleiar *Tor Ivar Hovhaugholen* er ålmenninga sin representant i *Dovre Elgutvalg*, og han er styremedlem i *Snøhetta Villreinutvalg*.

Årsmøte og ålmenningsval 2019 vart halde på Joramo Næringstun 24. april med 5 styremedlemer til stades.

Det er gjennomført 7 styremøter.

I samband med styremøtet 14. august var styret på befaring i Snøhetta Næringspark og i Mysusmørbakken Grustak.

ADMINISTRASJON

Kontor og rekneskap

Etter arbeidsavtale av 31.12.2017 har *Narve Tveiten* styrarfunksjon.

Avtale med *Lesjar Regnskap og Rådgivning AS* var sagt opp med verknad frå 01.01.2019.

Styrar har ført rekneskapen fra denne dato med rekneskapsprogram levert av Uni Micro AS.

SPESIELLE STYRESAKER I 2019

Revisjon av bruksreglar

Revisjon av bruksreglar vart slutført i 2019 og godkjent av Landbruks- og matdepartementet 20. juni 2019. Det er ikkje vesentlege endringar i høve til tidlegare bruksreglar, men dei meir utfyllande enn dei gamle.

Ny vegordning for vegen til Grønsetre, Gardsenden og Grønbogen

Styra i Joramo bygdealmening og Gardsenden-/Grønsetervegen har vorte samde om ny vegordning for vegen til Grønsetre og Gardsenden. Ålmenninga overtek alt ansvar for drift og vedlikehald av vegen frå 1. januar 2019. Styret kan inngå avtale med 3. part om bruk og vedlikehald av vegen.

I avtala er det sagt at strekningen frå Hindåvegen (Bommen) og fram til krysset mellom Setervegen og Brannvegen (ved 3. lina) skal halde krav til vegklasse 3 (Heilårs landbruksveg) etter Normal for landbruksvegar. For strekningen frå krysset mellom Setervegen og Brannvegen og fram til setergrendene skal vegen halde god nok standard til vanleg bruk for setereigarane og minst dagens standard.

Eit arbeidsutval som består av ein representant frå kvar av setergrendene og ein representant for Joramo bygdealmening vurderar til ei kvar tid behovet for vedlikehald og legg dette fram for styret. I arbeidsutvalet sit no *Birger Brækken* for Grønsetre, *Arild Rolstad* for Gardsenden og *Narve Tveiten* for Joramo bygdealmening.

Utestenging frå elg- og hjortjakt etter brot på jaktreglar

Regelen for gjestejeger i Joramo bygdealmening er slik:

«Inntil to yngre jegerrekruttar (16 – 18 år) kan delta som gjestejegerar på elg-/hjortjakt.»

Under jakta i haust hadde jaktlaget på Fjellfeltet teke inn gjestejeger som ikkje var i denne kategorien og utan å kontakte grunneigar. Sjølv om det var grunn til å gå ut frå at jaktlaget hadde vore i god tru, medførte regelbrotet ein straffereaksjon: Laget er utestengt frå elg- og hjortjakt i Joramo bygdealmening i 5 år.

BRUKSRETT

Per 31.12.2019 var det 110 bruk i Lesja og 49 bruk i Dovre som har bruksrett i Joramo bygdealmening, i alt 159 bruk. Det er som året før.

Det er utbetalt kr 170.443 i *bruksrettsytingar og tilskot* til bruksrettshavarar, mot kr 70.456 året før.

Det vart blinka ved på rot 16 bruksrettshavarar dette året, i form av nedfelt vyrke etter kraftliner, rydding langs veg og uttak av mindreverdige vyrke i bestand.

Oversikt over *beitebruk* (fjorårstall i parentes):

Det blei sleppt totalt 653 (681) søyer, og 1188 (1206) lam på beite sesongen 2019. I tillegg blei det sleppt 150 (156) storfe.

Det totale tapet for sesongen 2019 blei 18(30) søyer og 46 (61) lam. Av det totale tapet skuldast ein del no som før, påkøyning av tog. Av storfe gjekk ingen dyr tapt på beite i 2019.

SKOGBRUKET

Skogkultur

Det er utført markberøing på 53 da på hogstfelt frå 2011 ovanfor Snøhetta Næringspark, og det er utført ungskogpleie på 89 da i ovanfor Hindåvegen.

Skogsdrifter sesongen 2018/2019.

Det var planlagt skogsdrift i Jorkvitlan, men fordi området er underlagt hogstrestriksjonar på grunn av verneverdiar (naturtype, raudlistearter) vart dette stoppa etter befaring med biolog. Elles er skogsdrift til ein viss grad utsett i påvente av ny skogbruksplan.

Ny skogbruksplan

Ny skogbruksplan er venta ferdig vinteren 2020 etter taksering av skogen i Lesja og Dovre sommaren og hausten 2019.

JAKT

Elg- og hjortjakt

Hjortjakt: Inga spesiell hjortjakt dette året.

Elg- og hjortjakt:

Fjellfeltet Lag: *Bjørn Svendsgard*

Kvote elg: 1 eldre okse, 1 yngre okse, 2 ungdyr/kalv

Kvote hjort: 1 fritt dyr

Felling elg: 2 vaksen ukse (165 kg, 220 kg), 2 ungdyr ukse (150 kg, 118 kg)

Felling hjort: 1 hjortkalv hodyr (28 kg).

Skogfeltet Lag: *Endre Amundgård*

Kvote elg: 1 eldre okse, 1 eldre ku, 3 ungdyr/kalv

Kvote hjort: 1 fritt dyr

Felling elg: 1 vaksen okse (195 kg), 1 ungdyr kolle (125 kg), 3 ungdyr ukse (135 kg, 135 kg, 120 kg)

Felling hjort: Ingen

Småviltjakt

Oversikt over kortsalg:

| Korttype: | Prisar (u.b./i.b./br.r.) | Utanbygds: | Innanbygds: | Bruksrett: |
|---------------------------------|-------------------------------------|-------------------|--------------------|-------------------|
| Sesongkort med hund (rupe+hare) | 1200/600/0 | 12+6 | 11 | 2 |
| Sesongkort utan hund | 1100/550/0 | 5 | 1 | |
| 3-dagars kort med hund | 700/---/--- | 3 | | |
| 3-dagars kort utan hund | 650/---/--- | 2 | | |

Resultat etter leverte fangstoppgåver (tal frå 2018 i parentes).

Hare: 7 (9) stk. på 25 (32) jakt dagar fordelt på 4 (5) jegerar.

Rupe: 57 (83) stk på 119 (131) jakt dagar fordelt på 26 (22) jegerar.

Bestandsvurdering frå jegerane.

Hare: Medels bestand

Rype: Varierende vurdering av bestand, men mange rapporterar om god bestand.

Taksering/oppsyn:

Jo Halgunset utførte rypetaksering i august.

Fangstgrensa vart også i 2019 sett til 1 rype per dag / maks 5 ryper per sesong per jeger fordi takseringa viste at det var lite fugl og små kull.

Reinsjakt

Snøhetta:

Kvote: 2 frie dyr, 5 kluftebuk, 6 simle/ungdyr og 7 kalv.

Felling: 5 eldre bukk, 5 eldre simle, 2 bukkekalv og 2 simlekalv
(fellingsprosent = 70)

Rondane nord:

Kvote: 1 simle/fritt dyr under 40 kg og 1 kalv.

Felling: 2 vaksne simler (den eine pga fotråde)
(fellingsprosent = 100)

Rådyrjakt

Bukkejakt: *Christoffer Baraas*

Lagjakt felt 1 (sør for Raumabanen): *Øivind Holen*

" " 2 (nord for Raumabanen): *Christoffer Baraas*

Kvote: 5 dyr

Felling: 1 bukk og 3 geiter

UTLEIGE AV NÆRINGSBYGG

Leigetakarar pr. 31.12.2019:

| | |
|---|---|
| Sykehuset Innlandet: | Ambulansestasjon |
| Norsk Landbruksrådgivning Innlandet: | Blir betjent frå hovudkontoret i Ottadalen |
| Q-meieriene: | Inga betjening etter Thor Morten Lindsøe sin bortgang hausten 2019 |

FORTSATT DRIFT:

Forutsetning vedrørende fortsatt drift er tilstede og årsregnskapet for 2019 er satt opp under denne forutsetning.

ØKONOMI

Regnskapet for 2019 viser eit overskot på kr 289.609 mot kr 359.506 i 2018. Det som har påverka resultatet mest i høve til forrige år er:

- + Rekneskaphonorar, honorar for økonomisk og juridisk bistand, kr 38.444 (ned kr 90.672)
- + Salg av grus- og fjellmasser, netto kr 322.018 (opp kr 53.366)
- + Revisjonshonorar inkl. honorar for anna bistand, kr 67.215 (ned kr 43.095)
- Bruksrettsytingar og tilskot, kr 170.443 (opp kr 99.988)
- Vedlikehald av vegar, kr 86.063 (opp kr 86.063)
- Gaver og tilskot, kr 53.303 (opp kr 47.401)
- Konsulenttenester, kr 277.942 (opp kr 43.532)
- Skogkultur, kr 41.200 (opp kr 41.200)

Per 31.12.2019 er innestående beløp i bank og kasse kr 1.310.940 1.084.728 (opp kr 226.212). Lån i Sparebank 1 er nedbetalt (ned kr 316.652). Kortsiktig gjeld er kr 597.063 (opp kr 8.817). Kortsiktige krav er kr 681.774 (ned kr 61.749).

Joramo Næringstun, 25.mars 2020

Tor Ivar Hovhaugholen

Birger Brækken

Pål-Lasse Torstad

leiar

nestleiar

Øivind Groven
Amundgård

Arne Hage

Irene

Narve Tveiten
Ålmenningstyrar

Dokumentet er elektronisk signert